

# Sunnfjord vassområde

## REFERAT PROSJEKTGRUPPA 08.02.2018

08.02.2018 kl 9.30 – 14.00

Stad: Førde, Storehagen 1B, møterom Halbrend.

Desse møtte:

Arne Stig Sortevik	Naustdal kommune
Johannes Folkestad	Askvoll og Fjaler kommunar
Magne Reidar Førde	Førde kommune
Kaja Standal Moen	Flora kommune
Solfrid Trå	Jølster kommune
Stig Olav Kleiven	Gaular kommune
Staffan Hjøhlman	Sunnfjord vassområde

## Oppfølging av overvaking 2017

### Framhald overvaking 2018

Staffan tar kontakt og avtalar dette med kommunane enkeltvis

### Vann-nett

Vann-nett portal i ny utgåve er open. Fleire funksjonar vil bli tilgjengelege etter kvart, mellom anna mykje av funksjonane som tidlegare var tilgjengelege i vann-nett.no/saksbehandlar. Saksbehandlar-versjonen er no ikkje ope tilgjengeleg, men krev at ein er tildelt skrivetilgang. Staffan vil få skrivetilgang for å registrere status for tiltaksgjennomføring.

### Korleis gå fram for å vurdere avløp og landbruk (synfaring, berekning, tilsyn...)?

Førde kommune har erfart at ved planlegging av nye bygge- og hyttefelt må ein vurdere den totale belastninga på vassførekomstar og om dette vil føre til forverring av økologisk tilstand.

NEVINA – NVE si oversikt over nedbørsfelt. Viser kva for arealtype der er innanfor nedbørsfelt.

### Digitalisere spreidde avløp – Norva / Septik 24 / vann-nett / fylkesatlas / Gaular kommune (Stig Olav)

Gaular kommune vil kjøpe data frå Norva og gjere det tilgjengeleg i GIS-line / KOMTEK. Kartfesting av spreidde avløp og i tillegg bålplassar, deponi for grøntavfall, landbruksanlegg m.m. Treng å kjøpe teneste til dette. Ønskjer tilskot frå vassområdet. Staffan ber om skriftleg søknad med opplegg, nytte også for andre kommunar og pris.

Jølster kommune har vedtatt årleg tilsynsgebyr på kr 256 kr frå 01.01.2018. Vil kjøpe KOMTEK VA PRIVAT (informasjon om private avløpsanlegg). Ca 650 anlegg. Vil kartlegge 50 % av anlegga i 2018, resten i 2019. Brev til anleggseigarar med spørsmål om alder på anlegg, renseløysing m.m.

Sunnfjord kommune fellesnemnd har ikkje diskutert avløpssektoren. Er ikkje prioritert høgast.



# Sunnfjord vassområde

Er det aktuelt å bruke av vassområdet sitt fond til kjøp av data / programvare for å få kartfesta slamavskiljarar? Avtalen med Norva går gjennom SUM.

Askvoll kommune har API. Staffan kontaktar Kjersti Sande Tveit om dette. Staffan kontaktar SUM (Bodil Øvretveit) og spør om gjeldande avtale, varigheit, samt inviterer ho til møte med temagruppe avløp. Må få tilgang til levande data frå Norva (API). Revurdere tilbodet frå Norkart frå 2015 om API? API som kommuniserar med NORVA og med KOMTEK.

Truleg har alle SUM-kommunane VA privat, etter at også Jølster har skaffa dette.

## Kjøp av konsulenttenester om fysiske inngrep i elvar

**forbyggingar og kanalisering (elveutretting) – biotopforbetrande tiltak**

Sunnfjord vassområde har avsatt 500 000 kr til dette. I tillegg har Miljødirektoratet innvilga tilskot på 260 000 til vassområda Sunnfjord og Nordfjord. 50 000 er brukt i prosjekt 2017 i Jølstra og Angedalselva.

Staffan går vidare med førebuing av innkjøp.

**vegkulvertar kommunale vegar**

Sunnfjord vassområde har avsatt 300 000 kr til dette.

Staffan går vidare med førebuing av innkjøp.

## Nye prosjekt om ureining

**Mikroplast Ureining frå kunstgrasbaner – evt søke om midlar (Kaja)**

Kunstgrasbaner er ei av dei største kjeldene til mikroplastspreiing (jamfør bilde nedanfor). Det vart avtalt at kommunane lagar oversikt over kunstgrasbaner og sender til Staffan. Etter møtet har det kome opplysningar om at fylkeskommunen v/ Frank Tore Farsund Tveit har gjort ei undersøking om kunstgrasbaner. Resultat frå undersøkinga er sendt til medlemene i prosjektgruppa. Det er berre nødvendig å sende opplysning til Staffan om eventuelle kunstgrasbaner som mangler i dette materialet.

Bevisstgjere banemeistarar om snøbrøyting m.m. Kaja har snakka med banemeister i Florø og gjort han merksam på problemet. Viktig tiltak ved snøbrøyting er å legge snøen slik at ein får tak i gummigranulat igjen etter snøsmelginga og kan spreie det på bana igjen. Tiltak med sil i kum for overvatn var ikkje aktuelt i Florø pga liten vassgjennomstrøyming.

Det kom i møtet opp forslag om å undersøke mengda mikroplast i drikkevatt og i avløp. Vassprøver frå drikkevasskjelder og avløpsvatn før og etter rensing analyserast for relevant parameter. Solfrid spør Sunnlab om pris på relevante analysar. Stig Olav spør Sognlab om same sak.

**Strandrydding – evt søke om midlar**

Kaja opplyser at Fjordkystens friluftsråd i samarbeid med Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen v/Årdal vil søke Miljødirektoratet om tilskot til strandrydding på vegne av alle kommunar i Sogn og Fjordane.

I tillegg er Kystlotteriet ei ordning i nesten alle kommunane i fylket, som stimulerer til strandrydding.

Det er såleis ikkje grunn til nokon innsats på strandrydding / marin forsøpling frå vassområdet spesielt.



# Sunnfjord vassområde

## Førebuing av møte i vassområdeutvalet

Tidspunkt mars-april, dato vart ikkje fastsatt

[Årsmelding 2017 med rekneskap 2017 og budsjett 2018](#)


Utkast vart sendt til medlemne av prosjektgruppa 06.02. Frist for tilbakemelding med eventuelle merknader: 26.02.

[Aktivitetsplan 2018](#)

Blir ferdigstilt når overvakinga i 2018 er planlagt for alle kommunane.

[Rapport om forbygging og elveutretting i Jølstra og Angedalselva](#)

Rapport frå Rådgivende biologer (vedlagt). Det er aktuelt å be Rådgivende biologer om å presentere rapporten på møtet i vassområdeutvalet, eventuelt på video-overføring.



25.02.2018

Staffan Hjohlman

Ref.